

Ein smal normalnynorsk - og ei tjukk ordbok!

- Høyringsfråsegn frå Osterøy mållag til ny nynorsksrettskriving

I desse dagar har rettskrivingsnemnda til Språkrådet sendt ut framlegg til nynorskrettskriving på høyring. Mandatet til nemnda er mellom anna "å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer". Språkrådet vil etablera ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som brukar nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid.

Offisiell språkpolitikk har i lang tid fylgd den såkalla tilnærmingslina, der vona var at dei to norske språka på eit tidspunkt skal kunna gå saman i eitt. Tilnærming er ikkje noko mål lenger - dette vert mellom anna slått fast i språkmeldinga som kom i 2008. På vegen langs tilnærmingslina har nynorsken teke inn bokmålsformer som har gjort at det no er svært stor valfridom innanfor læreboknormalen. For norsklærarane er det ikkje enkelt å halda oversikt over valfridomen, og for elevar som skal læra nynorsk skapar stor valfridom forvirring - og gjer læringa vanskeleg. Lærebokforlag og offentlege organ nyttar i stor grad dei mest bokmålsnære formene. Nynorsken vert dermed utydeleg og er i mange høve vanskeleg å skilja frå bokmål. Både lærarar og elevar vert språkleg utrygge.


Osterøy mållag vil ha ein trong offisiell nynorsknormal, der a- infinitiv er eineform. Den nye norma må vera konsekvent, og det må ryddast opp slik at skiljet mellom dei to sjølvstendige norske språka vert tydeleg. Me vil ha gode lærebøker og det bør vurderast om godkjenningsordninga for lærebøker bør innførast på ny. Ei tydeleg og konsekvent norm, gode lærebøker og gode lærarar er viktige faktorar for å skapa språktrygge elevar.

Til bruk andre stader enn i lærebøker og offisielle samanhengar bør nynorsken vera open for regionale målmerke, og tradisjonsrike former. Ein rik og mangfaldig nynorsk har verdi i seg sjølv. Difor bør det vera høve til å nytta kløyvd infinitiv eller i-mål om ein ynskjer det. Former som ikkje fell inn under den oppstrama offisielle norma framleis ha status og legitimitet gjennom systemet med sideformer. Osterøy mållag vil ha ei tjukk ordbok!

Innstillinga frå rettskrivingsnemnda hamnar mellom to stolar. Framlegget er ikkje tilstrekkeleg stramt som normal fordi det framleis er for stor valfridom til å bruka bokmålsformer. Det er dermed ikkje teke godt nok omsyn til dei som skal læra språket. På den andre sida har nemnda fjerna mykje valfridom knytt til tradisjonell nynorsk - og former som tener som regionale målmerke. Dermed forsvinn mangfald og tradisjon, og språket vert fattigare.

Målet om "ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk" er derimot godt ivareteke i framlegget "Tradisjonell og fylgjerett nynorsk" av Ola I. Breivega og Arvid Langeland". Osterøy Mållag vil difor rå til at framlegget frå Breivega og Langeland vert teke i bruk som ny nynorsknormal.

For styret i Osterøy Mållag



Anne-Mari Hannisdal Haga
styreleiar